


f701 utforske

f703

Dagbok

8. mai 2012

I dag då eg vakna var det veldig kaldt. Sjølv om det er vår er det kaldt å sove på gata. Eg og vetlebror min hadde ikkje meir mat igjen, så det var det vi hadde planlagt å bruke dagen på. Å finne mat. Det er ikkje så lett å finne mat når man bur på gata i Afrika. Man kan ikkje berre gå i søppelbyttene og finne noko, for det er ikkje så



mange her som har råd til å kaste mat. Eg dytta borti vetlebror min som endå ikkje hadde vakna. Han var treig til å stå opp som alltid. Eg tok han i handa og så gjekk vi. Vi gjekk rundt i gatene til ein plass eg veit det pleier å vere mat. Det køyrde bilar rundt oss som ropte til oss og bråka mykje. Då vi runda eit hjørne, såg vi ei mann og ei dame som ropte høgt til kvarandre. Så slo mannen dama. Eg gispa, sikkert litt for høgt, for mannen snudde seg mot oss og ropte noko eg ikkje forsto. Vetlebroren min blei redd. Eg tok han i handa, og visprang vår veg. Plassen der det er mat er ein liten restaurant. Dei gir oss ikkje maten frivillig akkurat. Vi tar frå søppelbyttene med restar og gammal mat. Vi tar så mykje vi greier før dei jagar oss vekk, det var det vi gjorde no.

Det tok om lag heile dagen å få samla nok mat til at vi blei nesten mette. Vi tok med litt ekstra slik at vi ikkje måtte gå på tom mage heile dagen i morgon. Det er aldri sikkert at vi får mat. Eg føler meg alltid svolten, det gjer eg no og.

Eg og vetlebroren min gjekk tilbake til der vi hadde sove den natta, og la oss til å sove. Eg vakna brått då eg høyrde ein mann som sto og ropte til meg. Han sparka meg hardt i sida, eg mista pusten. Han peika på meg og sa at eg måtte flytte meg, vi hadde ikkje lov til å vere her. Det var politiet. Vi fant oss ein plass som var bortgøymd, og la oss til å sove igjen.

9. mai 2012

No sitt eg inni ein bil frå ein barne by. Det er litt merkeleg, det som har skjedd denne dagen. Det skjer liksom så mykje men så lite på same tid. Eg føler meg så sliten. Men no kjem det sikkert til å gå bra igjen, både med meg og vetlebroren.

I dag då vi vakna gjekk vi rundt i gatene som vanleg. Det var vel for det meste fordi vi ikkje hadde noko beitre å gjere. Dagen gjekk eigentleg ganske fort, og det skjedde ikkje så mykje. Det køyrte ein bil forbi oss med logoen «Unicef» på. Den stoppa eit

far hus framfor oss. Ut av bilen kom det ei fyldig dame med hår ned til skuldrene. Ho kom berre bort til oss, sa kva ho heitte, (eg hugsar det ikkje no) kvar ho kom frå og kvifor ho var her. Ho tok meg i handa, tok meg med inn i bilen. Vi har køyrt lenge no. Eg veit ikkje kvar vi er.

10. mai 2012

I går kom vi fram til barnebyen ganske seint. Det såg koselig ut, og det var mange snille folk som kom og tok meg imot. Alle var så greie mot, meg, eg kom inn i eit hus, og berre la meg ned på ei seng. Vetebror er her også. Eg bur no i eit hus med 4 sysken, eg bur i huset med minst folk i. Eg har fått ei mor òg. Alt er så fint her. Eg har leika masse med andre barn, og hatt det kjekt i heile dag. Her har eg fått mange gode venner, eg føler at eg blir tatt vare på og at eg ikkje må ordne alt og passe på alt sjølv.

11. mai 2012

I dag fekk eg og vetebror smake på ein matrett eg aldri har smakt før. Ikkje det at eg har smakt på så mykje då. Eg har jo stort sett levd å gata heile livet. Men det smakte så utruleg godt! Mykje betre enn den maten eg er vandt med. Det som er så fint med å vere her er at alle må hjelpe til og alle er greie mot kvarandre og leikar saman. No får eg kanskje og ein sjanse til å utdanne meg og komme vidare i livet! Eg hadde aldri trudd dette for eit par dagar sidan. Det som har skjedd meg er heilt fantastisk. Eg hjalp til med å lage maten i dag, så eg fikk smake på undervegs. I tillegg måtte eg hjelpe til med å bake brød til alle saman. Ikkje åleine altså, det var eit par andre barn som var med meg og gjere det, og så klart nokre vaksne. Det er så fint å endeleg få vere saman med nokon og leike med nokon. Å bli



tatt vare på.